



Majo Eigedom AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4066 - 14/10882

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

06.05.2014

Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 137/268 Alversund

Teknisk drift syner til brev datert 02.05.2014 vedkommande søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining, gbnr 137/268 Alversund.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal 017. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal snu på eigen grunn. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav til avkjørsle finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no

Vi gjer merksam på at arbeid med utbetring av avkjørsle er søknadspliktig tiltak hos Areal og Miljøeininga i kommunen.

Det er Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal 017 som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettane De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgjer av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gbnr 137-268

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:
Majo Eigedom AS